


Gamal høgspenninglinje fjernast til våren

Luftlinja fram hit blir truleg fjerna til våren

Den gamle høgspenninglinja på strekningen mellom sekundærstasjonen og den gamle trafostasjonen i Halsabrotet i vil truleg verta fjerna i løpet av våren. Det er i alle fall planen, opplysar driftsingeniør Stig Klette til uskedalen.no
Når fjerning vidare fram til Ospelunden vil skje avheng av tempoet i framdriften til bustadområdet.



[Linja mot sekundærstasjonen](#)

Gravearbeidane som har gått føre seg i det siste mot Eikelandet har vore eit samarbeidstiltak mellom vassverket og Kvinnherad Energi. Dei 2 partane får no ros for god og rask gjennomføring og for å ha pynta fint opp etter seg Kvinnherad Energi la 2 nye høgspenkablar fram til sekundærstasjonen, Prosjektet starta eigentleg for lang tid sidan med leggjinga av jordkabel gjennom Uskedalen, men det har ikkje vore fullført.

Den gamle høgspentlinja skulle forlengst ha vore fjerna men no er det altså mogeleg at det vil skje. Det er eit prosjekt som mange har venta lenge på. Prosjektet vil gje større kapasitet i nettet og det vert også planlagt eigen avgang for linja oppover dalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen